



## **STYREMØTE NR. 08/23, 25.09.2023 – REFERAT**

*Møte i Fotballstova*

*Til stades: Nina Sleen, Kjetil Skulstad, Aud Litlabø, Linda Heidenreich-Riis, Roger Matre, Jarand Helland (teams). Ikkje tilstades: William Rafdal, Mika Visti.*

**Sak 1/23**      **Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå møte 07/23, samt vedtak gjort i mellomperioden.**

**Vedteke.**

**Sak 2/23**      **Status administrasjon og økonomi (orienteringssaker)**

**Adm. informasjon frå dagleg leiar:**

- Puttefestival gjekk bra – OBS, må ha ny Puttefestival-sjef til neste år
- Er i gong med prosjekt, men går litt trått. Subshore-akademiet er i gong men bør få fleire med. Jenteløftet treng klubb ein 4-5 stk for å få i gong, det samme med Talentskulen det same.
- Brukt ein del tid på å få inn betalningar av treningsavgifter
- Klubbdugnad for ungdomslag no på hausten – eit par som ikkje har svart enda
- Vore i møte med Norsk Liga fotball (som har ansvar for vårt nivå på herresida, og det over), gjekk litt på det med å prøve å hjelpe klubb med å få fleire føtter å stå på, meir inntekter. Det er ansatt ein hos dei som skal hjelpe klubbane med utfordringar som klubb har, og det skal lagas tein sportsplan som går mot desse tinga her som klubb får uttale seg om.
- Marknadsført for fotballskule i haustferien, 30 påmeldt til no.
- Planar om inneturnering i slutten av november.
- Prøver å få til inneturnering i januar/mars, avhengig av kortid hall er ledig.
- På sponsorsida er det ein litt roleg periode. Er nokre nye sponsorar til fotballskulen.

**Økonomi:**

- Sponsorar no på samla over 2 millioner
- Høge kostnader på enkeltområder til dømes treningsutstyr/drakter, samt turnering/kamp borte.
- Boka ligg no inne med trykkostnad på 157 000.
- Likviditet er fortsatt svar ihht 31.12.22 og 30.06.23 situasjon.
- Må ha eit møte snarast med gjennomgang av dei ulike kostnadane i budsjettet: Mika, Åge, Roger, Åsta, Nina.

**AKSJON:** MIKA

**Kvalitetsklubb:**

- Aud har vore på møte, frist for resertifisering 31/03/24. 01/10/23 mottek me skjema som me skal svara ut. Har fram til 30/11 som då er arbeidsperioden i klubb med desse skjemaene. Frå 01/12/23 til slutten av februar 24 så er det fysiske møter i klubb. Må lage ei skisse/plan der me prøver å dele oss i litt grupper og hjelpe til, få inn litt trenarar/lagleiarar/foreldre som kan vera med på desse rundane.

**AKSJON:** Aud

**Sport:**

- Damelaget slit – fare for at dei rykker ned. Veldig ungt lag.  
- Herrelaget varierende – svinger mykje kampmessig  
- Klubb må prøve å ha fokus jente/dame utover hausten, typ samlingspunkt, høyre med Øyvind Mellemstrand om han kan vera med.

**AKSJON:** Kjetil

**Årshjul:**

- Adventskalender, gjere det på ein anna måte enn i fjor?

**AKSJON:** Roger

**Sak 3/23**

**Økonomi ref epost frå Roger**

- Må setla ein dag der me har arbeidsmøte, fordeling av gjeremål, vidareutvikling av klubb osv – forslag til dato er: 18/10.

**AKSJON:** Linda booker rom og sender innkalling. Roger informerer administrasjonen

**Sak 4/23**

**Nytt låsesystem på dører Vikahaugane/Langeland – STATUS**

- Nina har purra på Bjørn før helga, og han har sendt spørsmål vidare til kommunen. Hovudlag kjører prosessen me har opp imot kommunen, og me forventer litt igjen sidan me betaler ein del (tenkjer då på å få ein avtale på anlegg og bygg, samt garderobedelen utenom A-laget)

**Sak 5/23**

**Bok**

- Få ut ei annonse i avisa  
- Åge er prosjektleiar  
- Roger kontakter butikker for å få avtale om sal av boka  
- Annonsera sal av boka på kampar  
- Prøve å få Sunnhordland til å ha eit intervju med forfattar Jarle Kaldråstøyl  
- Bok skal bestillast via epostadressa til Åge

**AKSJON:** Jarand mot Sunnhordland ang intervju med Kaldråstøyl, Facebook osv/Roger ut mot butikkar, samt speaker på kamp og Åge.

**Sak 6/23**

**Samling mellom styret og SU utval for samkjøring/plan framover mtp trenar**

- Prøve å få lage til ei samling, få inn i årshjulet.  
- Ynskjer på tema.  
- Prøve på ei samling i november – neste i februar?

**AKSJON:** Kjetil

**Sak 7/23****Laga i klubben**

- Legge til som tema i samling med SU, sjå sak 6: - Fråfall, treningsmengde, kva kan endrast på kjapt/på lenger sikt

**Sak 8/23****Evt**

- AlleMe, oppsummeringsmøte, alle klubbane er einige om at matbudsjett er for høgt. Klubbane må vera meir engasjert neste runde rundt budsjett – kost må ned til neste gong.
- Nina har nemnd til Hovudlaget at me er i gong med avtale med Sunnhordland om filmsnuttar, og at dei bør sjå litt på det samme, og kanskje bli med i samme tilbod, slik at me skryt av heile Stord IL, og ikkje berre eigen idrett.
- Klubbfest: Samling med trenarar og lagleiarar/andre roller, på nyåret, invitere største sponsorar – **AKSJON:** Jarand/Linda
- Herrelag og damelag tek sine egne samlingar (årsfest)
- Pilkast, fredag 15/12 – **AKSJON:** Nina

**Oppsatt nytt styremøte: 25.10.23 kl 1830.** Nye saker må sendast til Linda seinast 3 dagar før styremøtet.

25.09.2023

Nina Sleen

Linda Heidenreich-Riis

Kjetil Skulstad

Aud Litlabø

Jarand Helland